

Hans Keilegavlen  
Keilegavlen  
5953 Fønnes

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
13. 10. 2014	
Ark. saksnr. 14/702b	Løpenr.
Saksnr.	Tilgangskode

Søknad om dispensasjon til frådelling av hyttetomt på gbnr 124/2 Keilegavlen

Eg søker med dette om dispensasjon til å skilje frå tre hyttetomt på gbnr 124/2 Keilegavlen, sjå vedlagt kart. Bakgrunnen for dette er at då sonen min overtok gården, skulle dei tre døtrene mine få kvar sin hyttetomt på garden. Dette har synt seg å verte svært vanskeleg. Vi søkte første gong om frådelling av hyttetomtane 13.12.2011, men fekk avslag på søknaden. Saka vart anka, 20.03.2012, men også denne fekk avslag. Den vart sendt Fylkesmannen som gjorde endeleg vedtak i saka .....

Då vi i 2012 hadde representant frå kommunen ute på synfaring, vart vi einige om at det var mest hensiktsmessig å trekkje dei omsøkte hyttetomtane nærare dei eksisterande hyttene som er i området, då dette område består av berg i dagen, samt at det er veg heilt fram. Det vert på denne måten ingen synlege inngrep i naturen for å få til hyttetomtane. Det er vannforsyning i området, så dette vil heller ikkje medføre ekstra inngrep. Dette området kjem heller ikkje i konflikt med gårdsdrifta, då det er hytter her frå før og området ligg i ytre del av beiteområdet.

I skriv frå kommunen syner De til at det er mogeleg for oss å kjøpe hyttetomt på nabogarden. Eg trur de forstår at dette ikkje er det same som å byggje hytte på «heimegarden», der ein har tilhøyrgheit og tilknytning. Dette er såleis ikkje noko alternativ for oss.

Vonar det ser at vi ønskjer å samarbeide med kommunen om å få dette til på ein måte som alle er nøgde med.

Keilegavlen den 29.mai 2014.05.28

Hans Keilegavlen